

Eg vil gjerne oppmoda politikarane og byråkratane i Alver kommune til å arbeida for at folk i Nordhordland får sitt eige regionmuseum slik dei andre regionane i fylket lenge har hatt. Slik eg les

Alver kommune sitt utkast til plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 og i

Vestland Fylkeskommune sin plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035

så vert det opna for etablering av eit regionmuseum i Nordhordland.

I Alver sitt utkast til plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035, står m.a. å lesa s.29

I planperioden legg me opp til å vurdere behova og høva for eit nytt museum i Alver, og kva for rolle eit museum kan ta i eit regionalt og nasjonalt perspektiv med blikk til eksisterande museum i fylket.

I Vestland Fylkeskommune sin plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 står m.a. å lesa:

For å møte morgondagens utfordringar må musea i Vestland vurdere om dagens organisering er optimal eller om musea kan styrke seg gjennom t.d. nye konsolideringar og samarbeidsavtaler.

Vestland vil styrke frivillig museumsarbeid knytt til dei regionale musea, slik at innbyggjarar og lokalmiljø får moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for felles kulturarv.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv/>

Personleg meiner eg at alle kommunane bør få ein eigen avdelingsleiar som samarbeider med det sentrale regionmuseet om museumutviklinga i kommunen og regionen.

Når det gjeld lokaliseringa av det sentrale regionmuseet i Nordhordland så bør kommunestyra i regionen koma med forslag før ein fattar endeleg vedtak om plassering av regionmuseet og det regionale magasinet.

I Norsk Fartøyvern står Nordhordland i ein særstilling når det gjeld vern av tradisjonsbåtane, ***dei små og opne båtane.*** I 2020 fekk Riksantikvaren utarbeidd eit forprosjekt om verneplan for små og opne båtar der det m.a. vert forslege eit **pilotprosjekt i Nordhordland** med utvikling av verneplan for denne regionen. Bakgrunnen for dette er at det det vart gjort systematiske registreringar av båtar og sjøbruksmiljø i Nordhordland på 1990-talet. Dette er unikt i Norsk samanheng. Her kan ein lesa rapporten til RIKSANTKVAREN

https://kysten.no/media/bilder/Rapport-forprosjekt-verneplan-sma%CC%8A-ba%CC%8Ater_enkeltsidet-nett.pdf

I denne verneplanprosessen vert det viktig at regionen HAR EIT REGIONMUSEUM som kan vera med å ta vare på og formidla tradisjonsbåtane og kystkulturen i regionen.

Helsing Arne Høyland

Eidsnes 14.04.2023